



Tiger med fire små i fjøset på Døsmland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore ei vellukka påskehelg i fjøset til Berit Harriet og Ivar Kåre Døsmland. For tre dagar siden fekk geita Tiger, som truleg er åtte år gamal, firlingar

Det skjodde heilt utan problem og komplikasjonar og dei fire kjea trivs og veks i pappeska under varmelampa.

– Det er vanleg at sauane får firlinger, men heller uvanleg at geitene gjer det, seier Ivar Kåre og Berit Harriet. I eit oppslagsverk står det at geitane som oftast får tvillingar, men at triillinar også er vanleg. "Mindre vanleg er firlingar, femlingar og sekslingar", står det å lesa.

Men når det kjem så mange små på ein gong krev det sitt av matmora og Berit Harriet har vore i fjøset både seint og tidleg med forsyningar av supplerande næring. Men ho gjer det det tydelegvis gjerne, for ho er spesielt svak for geita sjølv om ho har mange slags dyr på garden.

– Det er ikkje noko å tene på ho, men geita er det kjekkaste dyret, seier Berit Harriet, som har hatt geit i 11 år. - Kjekjøtet er noko av det sunnaste ein kan eta, understrekar ho.

Sidan årsskiftet er 21 geitekje fødd i fjøset.

Men no er det like før lamminga startar. Då blir det atskillig travlare.

Av Ola Matti Mathisen